**AUSTRHEIM KOMMUNE**

# Møteprotokoll
# Kommunestyret

**Møtedato:** 11.04.2019
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus
**Møtetid:** 18:00 - 23:00

Spørjetime.
Til dette møtet vert det orientering:
- Skule - saker om satsingsområde og ståstad, ved skulefagleg ansvarleg Bodil Boie Brekkan.
- Elles vil avdelingsleiar Asbjørn Toft orientera om kommuneplanen, sak 016/19.

| Møtedeltakarar | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Per Lerøy | AP | Ordførar |
| Anne Dahle Austrheim | KRF | Varaordførar |
| Siri Kaland | AP | Medlem |
| Hardy Pedersen | AP | Medlem |
| Merethe Rikstad Tresvik | AP | Medlem |
| Asbjørn Brandtun | AP | Medlem |
| Monika Thorpe | AP | Medlem |
| Trude Sleire | AP | Medlem |
| Tore Austrheim | AP | Medlem |
| Jorund Stellberg | UAH | Medlem |
| Rikke Heldal Hope | H | Medlem |
| Morten Sognnes | H | Medlem |
| Viggo Leirvåg | H | Medlem |
| Randi Dyrøy | KRF | Medlem |
| Jan Erik Espelid | V | Medlem |
| Liv Ulvøy | UAH | Medlem |
| Reidar Øksnes | SP | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Oddmund Vikene | AP | Varamedlem, i sak 15/19 |

**Desse møtte frå administrasjonen:**
Konstituert rådmann Olav Mongstad, skulefagleg leiar Bodil Boie Brekkan, avdelingsleiar plan Asbjørn N. Toft, økonomisjef Olav B. Andersen, Ketil Tjore

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 009/19 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 010/19 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 011/19 | Meldingar |
| 011/19.1 | Endringar i valforskrifta og rettleiar for manuell oppteljing |
| 011/19.2 | Brev til samferdselsministeren om prioritering av Vågsbotn - Klauvaneset i NTP 2022 - 2033 |
| 011/19.3 | Sambandet Vest AS - protokoll siste ekstraordinære generalforsamling |
| 011/19.4 | Årsmelding 2018 - Pasient- og brukarombodet i Hordaland |
| 011/19.5 | Årsrapport Aufera - 2018 |
| 012/19 | Orienteringssak |
| 013/19 | Utbyggingsavtale for fortau og busslomme i Toftegårdskrysset - Søre Neset |
| 014/19 | Vurdering av eventuelt anleggsbidrag fortau langs kommunal veg Toftegård |
| 015/19 | Godkjenning av detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 |
| 016/19 | Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken |
| 017/19 | Kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid.2013001 - Godkjenning |
| 018/19 | Stifting av BOF IKS - justering av selskapsavtale og stiftelsesdokument for Bergen og Omland IKS |

## 009/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Rådmannen sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjent

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

**KS - 009/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 010/19: Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannen sitt framlegg:
Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

**KS - 010/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent.

---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 011/19: Meldingar

### Rådmannen sitt framlegg:
Meldingane vert tekne til orientering

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

Til melding 011/19.1 "Endringar i valforskrifta og rettleiar for manuell oppteljing", så orienterte konstituert rådmann Olav Mongstad om at dette med oppteljing manuelt i vallokalet og deretter maskinelt på kommunehuset, er slik Austrheim gjennomførte valet sist. Og som kommunestyret har bestemt tidlegare går ein no ned frå tre til to valkrinsar, Kaland med vallokale på Kaland skule, og Austrheim med vallokale i Austrheimhallen. Det er valkrins nr 2 Årås og valkrins nr 3 Austrheim som er slegne saman til valkrins nr 2 Austrheim.

Til melding 011/19.4 "Årsmelding 2018 - Pasient- og brukarombodet i Hordaland" etterlyste Jorund Stellberg (Uavh) om kommunen hadde etablert eit brukarpanel for desse tenestene, og om dette var verksamt. Konstituert rådmann Olav Mongstad svara at eit slikt brukarpanel er etablert, men at det ikkje har vore aktivitet der i det siste. Mongstad lova at kommunen skal sjå på dette.

Politisk handsaming:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

**KS - 011/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 012/19: Orienteringssak

## Rådmannen sitt framlegg:

### 11.04.2019 KOMMUNESTYRET

Før orienteringane var det spørjetime. Spørjetimen har vore annonsert i kommunen si annonse i Strilen, og kunngjort på kommunen si nettside og Facebook-side.
Det var komme inn tre spørsmål, alle frå kommunestyrerepresentanten Liv Ulvøy (Uavh):
1. Kor tid kan vi forvente normalt trykk på vatnet i Austrheim?
2. Kvifor, og kor lang tid skal bilvraka stå på parkeringsplassen ved brannstasjonen?
3. Skulemuseumsgjenstandane på gamle Austrheim skule har vorte svært redusert over tid, kor er gjenstandane blitt av, og kva er planen for det resterande?
Konstituert rådmann Olav Mongstad svara på spørsmåla:
1. Kor tid kan vi forvente normalt trykk på vatnet i Austrheim?
Svar:
Etter plan for vassforsyning hang dette saman med å få til ein overføringsleidning til frå Litlås/Kaland. I tillegg ligg det inne å byggja eit vasstårn til for å få auka kapasitet på vatn. Dette er dyre løysingar. Vasstårn ca 10 mill.
Overføringsleidning 11,3 mill. til høgdebasseng Årås.
Det er særleg tre område som har dårleg trykk.

- Åråsfeltet
- Heiane
- Lerøy

Vi held på med å sjå på ei løysing basert på trykkpumper som vert kopla på leidningen for å auka trykket. I Åråsfeltet må vi leggje ein ny leidning for å få avgrensa området for trykkforsterking. I

Heiane og Lerøy kan dette koplast meir direkte på leidningen. Kostnad for alle tre kan beløpa seg til 2-3 mill.(stipulert)

I tillegg har vi fått førespurnad frå Førland Vel der dei ynskjer vatn. Det er ikkje kostnadsrekna enno.

Det ligg inne 3 mill. til VVA i 2018, same sum ligg inne kvart år i økonomiplanperioden. NB. Dette er avhengig av Robek-situasjonen.

2. Kvifor, og kor lang tid skal bilvraka stå på parkeringsplassen ved brannstasjonen?

Svar:
Vraka er nytta av brann- og redningstenesta til å øve på bilredning. Dei har hatt øvingar. Brannmannskap bad om at bilane vart ståande ei stund slik at dei kunne øve på klipping av bilar ved ulike mindre øvingar. Det har dei gjort ein del av og bilane vil bli fjerna om ei tid, sannsynlegvis ikkje så lenge til.

3. Skulemuseumsgjenstandane på gamle Austrheim skule har vorte svært redusert over tid, kor er gjenstandane blitt av, og kva er planen for det resterande?

Svar:
Alle endringane i skulesamlinga har kommunen og dei ulike leiarane i Kyst- og sogelaget gjort i dialog.

A. Ved ombygging av Kaland administrasjonsfløy, vart ein del teke bort til utstilling på Kaland:

- Ein gamal pult
- Kuleramme, globus og ein del andre gjenstandar frå skulestova.
- Lærebøker
- Gamle kart vart innramma og hengt opp
- Gamle plansjar vart innramma og hengt opp.

Kostnadene var ein del av kostnadene ved prosjektet og var spesifisert

B. For ein del år sette kommunestyret av 130 000 til same tiltak på Årås skule
Fylgjande er gjort:

- Eit gamal kateter er fiksa oppatt av Mathias Sætre. Skal plasserast i inngangspartiet når det er blitt rydda for m.a. bosspann. Må byggjast ei bossbu.
- Gamle kart er ramma inn og hengt opp
- Gamle plansjar er ramma inn og hengt opp.
- Nokre kart og plansjar skal hengast opp seinare.

C. Skulemuseumet vart bygd opp av Anders Kolstad på ein veldig fin måte. Då gamle Austrheim skule vart selt, gjorde vi avtale med leiar i Kyst- og sogelaget at dei skulle tømme skulemuseet. Dei leverte nokre av tinga til alders-dement avdelinga for at dei kunne lage ei utstilling.
Dei vil plassere noko i eit lokale dei kan nytta til "skulemuseum". Dei ser på eit lokale i Kunsthuset (verkstaden), vi ser på lokalet bak tribunen i Austrheimhallen. Det kan bli ein kostnad med eventuell utbetring, montere straum/lys. Vi har eit fond på ca 32 000 kr. som er resten av bygdegåva til gamle Austrheim skule. Vi vil vurdere å nytte det.
Vi har og ei vurdering om Kyst- og sogelaget kan få ein monter i Servicekontoret eller på Seniorsenteret der dei kan ha skiftande utstillingar. Leiar og styret har fått det til vurdering. Alt materiellet er pakka i kassar av Kyst- og sogelaget. Det som eventuelt ikkje skal brukast, skal stuast bort på loftet av Kyrkjelydshuset.

Representanten Ulvøy kom med oppfølgingsspørsmål.
- Til dette med vatn, så veit eg at det er mange som etterlyser å få betala tilknytingsavgift, og det kunne hjelpt litt på økonomien for kommunen.

- Om bilvraka, dei står nære opp til kommunesenter og tusenårsstad. Er det ikkje ein annan plass som kunne vore mindre synleg?
Konstituert rådmann Mongstad svara:
- Om vassavgift, her er det ikkje alle nye tilkoplingar som er melde på rett måte til kommunen av røyrleggar. Kommunen har funne nokre tilkoplingar som er gjort utan at det er sendt obligatorisk melding, og er redd for at det er fleire.
- Om bilvraka, dei er ikkje pene men det var ikkje andre plassar å ha dei. Kanskje kunne dei stått bak brannstasjonen? Skal sjå til at det ikkje vert sett bilar der seinare.
---
Økonomisjef Olav B. Andersen orienterte om den økonomiske situasjonen per utløpet av mars (sjå Excel-fil som ligg ved).
Rekneskapen for 2018 var levert til rett tid, med eit overskot på 1.032.000 kroner. Men i rekneskapen er det eit uavklart spørsmål om refusjon til Helfo, der kravet er på 850.000 kroner. Kommunen har kopla inn advokat for å sjå om ein kan vinna fram mot Helfo og sleppa å betala tilbake denne summen.
Helfo-kravet er elles ført som ein note og er ikkje teke med i rekneskapen, dersom den hadde blitt tatt inn ville resultat bli redusert tilsvarande.
Ein ser elles på om det er investeringskostnader som skulle vore tatt over drift, dette vert diskutert med revisor. Samstundes er det på den andre sida sett av meir til renter enn kva som var naudsynt.
For tala så langt i 2019 ligg ein over på både skatteinngang (880.000) og eigedomsskatt (460.000), men litt under på ein del andre inntekter som statstilskot og refusjon frå andre kommunar. Alt i alt er inntektene knapt 1,2 mio over budsjettert ved utgangen mars månad.
På den andre sida er utgiftene også over budsjett. Lønsutgiftene er 1,8 mio over etter første kvartal, og så lenge løn er 70 prosent av utgiftene til kommunen jobbar ein hardt for å halda tilbake på dette. Administrasjonen ser på reduksjonar i talet tilsette frå hausten, og må nok gå til ein del oppseiingar for å komma i mål. For andre utgifter er det brukt 540.000 kroner over, mellom anna pga denne Helfo-rekninga som er ført på denne posten.
Om økonomien sa konstituert rådmann Olav Mongstad at det har lagt ei spenning mellom politisk og administrasjonen om korleis ein skal nå måltala i budsjettet. Administrasjonen har fått beskjed om å setta i gang desse prosessane med kutt, og har starta med dei tillitsvalde, for å sjå korleis ein skal vurdera over overtalligheit, oppseiing og avslutting av arbeidsforhold. Diskusjonane med dei tillitsvalde går på rammene for kutt, korleis det skal gjerast og for kva stillingar. Deretter tar ein samtalar med den enkelte som vert sagt opp, og så langt er det kunngjort for ein del tilsette at arbeidstilhøvet vert avslutta.
Jan Erik Espelid (V) spurte om kommunen startar med ikkje-lovpålagde oppgåver.
Konstituert rådmann Olav Mongstad svara at ein har gruppert oppgåvene og sett på kva ein må kutta innanfor ulike sektorar, med tanke på kva som er lovbestemt, kva kan ein kan kutta av bemanning, og kor langt kan ein gå me kutt. Uansett kva løysingar ein finn så vil det måtta enda med oppseiingar innan oppvekst og innan teknisk reinhald.
Ordførar Per Lerøy sa at kutta kommunen gjer også er basert på Kostra-samanlikningar og analyse frå Telemarksforsking, der begge tilseier at Austrheim ligg over kommunar det er naturleg å samanlikna seg med.
Økonomisjef Olav B. Andersen sa at når kommunen ligg an til å få sju millionar mindre i inntekt, og skal ha eit overskot på seks millionar, så skal det snuast med tretten millionar og det er ei stor oppgåve.
Jorund Stellberg (Uavh) sa at denne typen kutt ikkje kan gjerast utan at det er smertefullt. Diskusjonane vert vanskelege, men ein må vera romslege med kvarandre. Stellberg gav skryt til administrasjonen for møtet i administrasjonsutvalet der ein fekk til ein diskusjon med tillitsvalde, og gav også skryt til tillitsvalde for at dei var ryddige i den prosessen som pågår.
----
Det vart halde ei orientering om tilstanden i grunnskulen i Austrheim. Konstituert rådmann Olav Mongstad gjekk gjennom den første generelle delen av presentasjonen om skulane (sjå vedlegg), og sa at dette vert å rekna som den årlege rapporten om skulane.
Skulefagleg ansvarleg, og rektor ved Årås skule, Bodil Boie Brekkan, gjekk gjennom del av to av presentasjonen, frå side 10 og utover (sjå vedlegg). Brekkan sa at ho var glad for at det vert kutta i

tal kompetansemål i den nye læringsplanen som skal innførast no. Skulen opplever i dag ein stor overgang frå fjerde til femte klasse i læring- og kompetansemål, der mange elevar ikkje opplever meistring og taper sjølvtillit, noko som på lengre sikt kan vera medverkande til at dei droppar ut av VGS.
Brekkan sa at det er viktig med ekstra innsats på dette nivået, og viste til at Staten gjev Austrheim 1,3 ekstra stilling til tidleg innsats, delt mellom Kaland og Årås. Utdanningsdirektoratet (Udir) er også inne med støtte til rettleiing, og her søker kommunen om forlenging av rettleiingstenesta Det som uroar er at det er for mange elevar på meistringsnivå 1, der er det ein stor jobb å gjera for skulen, og det tek tid å få effekt av det arbeidet som vert gjort.
Jan Erik Espelid (V) spurte om det er kjønnsforskjellar i resultata, Brekkan svara at det mellom dei yngste elevane er meir spesialundervisning til gutar.
Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om kva hjelp det er kommunen får av Udir. Brekkan svara at det er tale om analyser av situasjonen og framlegg til tiltak som kan betra situasjonen. Brekkan peika på at lesing er utruleg viktig, les ein ti minutt med barnet kvar dag er det til stor hjelp, og betre enn lydbok og TV.
Brekkan viste vidare til at eksamensresultat i tiande klasse, og grunnskulepoeng, er på oppadgåande. Tilbakemeldinga frå vidaregåande er at elevane held på karakternivået sitt over dit. (Ein del har fritak frå karakterar i enkelte eller fleire fag, men det gjeld tilsvarande også i skulane ein samanliknar seg med). Samstundes er arbeidet med grunnkunnskapen utruleg viktig, for den gjev basis for det seinare livslange læringsløpet, medan eksamen berre seier noko om kunnskapen innanfor eit mindre område. Austrheim skårar elles dårleg på elevdemokrati, her må ein jobba for å bli betre.
Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om meistring for dei som rapporterer mangel på fagleg utfordring.
Brekkan svara at alle har krav på tilrettelagt opplæring. Kommunen ligg veldig høgt på spesialundervisning, og at ein ser på korleis dette kan skje som tilrettelagt opplæring i klasserommet, ein har ikkje ein til ein-undervisning ute av klasserommet med mindre det er heilt nødvendig. Så lenge ressursane ikkje er bunde opp til den enkelte elev gjennom enkeltvedtak, så har kommunen høve til å sjå på ein meir fleksibel bruk av ressursane. Når det gjeld ressursar meiner Brekkan at ein ligg heilt på grensa av kva ein kan klara.
Av rundt 390 born i Austrheim-skulen får kring 50 spesialundervisning.
Reidar Øksnes (Sp) spurte om kva samanhengar det er mellom grunnskulen og fråfallet i vidaregåande skule.
Brekkan svara at det er meir enn berre karakterar som verkar inn her, det kan vera elevar også på godt nivå som droppar ut, på grunn av prestasjonsstress og liknande.
Reidar Øksnes (Sp) spurte om det var ressursar til å tilby meir praktisk-teoretisk undervisning.
Brekkan svara at ein ikkje har armsving til å differensiera undervisninga så mykje som ein vil, og skulle gjerne ønskt seg andre opplæringsarenaer der elevane kunne jobba meir praktisk, slik det er mogleg i den vidaregåande skulen der ein kan ta heile opplæringa i bedrift.
Asbjørn Brandtun (Ap) spurte om det er mogleg å organisera dette med arbeidslivspraksis på andre måtar enn i dag, til dømes kan kommunen tilby kunnskap for skulen gjennom ein partnarskapsavtale? Spurte også om tilhøvet tal lærar/elevar, som enkelt utrekna er åtte elevar per lærar.
Brekkan svara at det ikkje er lett å rekna elevar/lærarar på denne måten. Partnarskap med kommunen ba Brekkan om å få tenka meir på.
Siri Kaland (Ap) spurte om mange ute av klasserommet under spesialundervisning.
Brekkan svara at det gjere ein så lite som ein berre kan, det skal ikkje førekomma utan særlege grunnar. Ein tar heller inn dette som ein ekstra ressurs inn i klasserommet eller i grupper.
Merethe Tresvik (Ap) etterlyste meir arbeidslivsfag.
Brekkan svara at det er synd at ein må bremsa dette no, skulen skulle veldig gjerne halda fram med dette, og har fått gode tilbakemeldingar på tilbodet.
Tore Austrheim (Ap) viste til elevtalet ved skulane i Austrheim, som vil variera ein del framover med sju elevar som det minste årskullet på Kaland, som er den minste av dei to skulane. Austrheim sa at elevtalet tilseier at det må skje noko med strukturen, sju elevar i ein klasse er ikkje kjekt for elevane eller givande for folk som jobbar der.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om arbeidet med å få heva U864, der han opplever at noko positivt er i ferd med å skje. Han viste til rapport som konsulentfirmaet Rambøll har laga etter bestilling frå transportkomiteen på Stortinget, der Vestlandet og Nordhordland har pressa på. Kystverket går framleis for tildekking, men kan ikkje seia noko om jordskjelvrisiko, og ser framleis heving som eit godt alternativ.
Forskjellen mellom Kystverket og dei som vil ha heving er at Kystverket meiner ein først må heva, deretter slamsuga og til sist dekka til, medan fagfolka som jobbar med heving meiner ei heving og slamsuging vil gje eit tilfredsstillande resultat utan tildekking. I så tilfelle vert dei to alternativa ganske like økonomisk, med +/- 400 millionar kroner, og heving skårar betre på jordskjelvrisiko og omdømmerisiko. Frå kommunane lokalt har ein vore i kontakt med heile Hordalandsbenken, og det ser ut for at ein skal klara å dytta det politiske fleirtalet over på heving.
Teknologien for å få til ei heving eksisterer, og mellom anna har ei gruppe i Austrheim med Reidar Ulvøy i spissen vist korleis dette kan gjerast. Fagfolk innan subsea kjenner seg trygge på at resultatet vert godt ved ei heving.
Politisk handsaming:
Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

**KS - 012/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### 013/19: Utbyggingsavtale for fortau og busslomme i Toftegårdskrysset - Søre Neset

### Rådmannen sitt framlegg:

1. I KS-032/16 gjorde kommunestyret vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Nye retningslinjer set bidraget til maksimalt 50 % av utbyggingskostnadene. Det løyvde beløpet vert derfor sett til 479 625 kr. Beløpet vert betalt ut i to rater i 2020 og 2021.
2. Den framlagte utbyggingsavtalen vert vedtatt slik han ligg føre.

1. I KS-032/16 gjorde kommunestyret vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Det løyvde beløpet frå 2016 er på 480.180 (utan mva), og kommunen dekkar også 50 prosent av tilleggskostnader til nye teikningar (50 prosent er 79.625 inklusiv mva).
   Beløpet vert betalt ut i to rater i 2020 og 2021.
   Vilkåret for utbetalinga er at anlegget er ferdigstilt innan 1. september 2019, dette med tanke på at fylket skal legga nytt dekke på FV565 frå Årås til Toftegård dette året.
1. Den framlagte utbyggingsavtalen vert vedtatt slik han ligg føre, men med justerte beløp og tidsfristar.

**21.03.2019 FORMANNSKAPET**

I denne saka var det synfaring, saman med Odd Haugen som har søkt om anleggsbidrag.
Den politiske handsaminga starta då formannskapet var attende på rådhuset.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om prosessen som har gått frå ein i 2016 første gong løyvde støtte til utbygging av fortau og busslomme i Toftegårdkrysset.
Siri Kaland (Ap) la fram eit eige framlegg til vedtak, på vegner av Austrheim Ap.
Konstituert rådmann Olav Mongstad peika på at støtta vert henta frå driftsmidlar, og ba om løyvinga vart delt over to år slik som i administrasjonen sitt framlegg.
Anne Dahle Austrheim (KrF) gav støtte til prinsippet i Ap sitt framlegg, men ba om at det vart formulert eit nytt vedtak basert på administrasjonen sitt framlegg.
Nytt vedtak vart formulert slik:

1. I KS-032/16 gjorde kommunestyret vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Det løyvde beløpet frå 2016 er på 480.180 (utan mva), og kommunen dekkar også 50 prosent av tilleggskostnader til nye teikningar (50 prosent er 79.625 inklusiv mva).
   Beløpet vert betalt ut i to rater i 2020 og 2021.
   Vilkåret for utbetalinga er at anlegget er ferdigstilt innan 1. september 2019, dette med tanke på at fylket skal legga nytt dekke på FV565 frå Årås til Toftegård dette året.
1. Den framlagte utbyggingsavtalen vert vedtatt slik han ligg føre, men med justerte beløp og tidsfristar.

Handsaming:
Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

**<u>FS - 027/19 - 21.03.2019 - Vedtak:</u>**

1. I KS-032/16 gjorde kommunestyret vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Det løyvde beløpet frå 2016 er på 480.180 (utan mva), og kommunen dekkar også 50 prosent av tilleggskostnader til nye teikningar (50 prosent er 79.625 inklusiv mva).
   Beløpet vert betalt ut i to rater i 2020 og 2021.
   Vilkåret for utbetalinga er at anlegget er ferdigstilt innan 1. september 2019, dette med tanke på at fylket skal legga nytt dekke på FV565 frå Årås til Toftegård dette året.
1. Den framlagte utbyggingsavtalen vert vedtatt slik han ligg føre, men med justerte beløp og tidsfristar.

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

Vedtak i formannskapet 21. mars 2019 foreslått av:

1. I KS-032/16 gjorde kommunestyret vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Det løyvde beløpet frå 2016 er på 480.180 (utan mva), og kommunen dekkar også 50 prosent av tilleggskostnader til nye teikningar (50 prosent er 79.625 inklusiv mva).
   Beløpet vert betalt ut i to rater i 2020 og 2021.
   Vilkåret for utbetalinga er at anlegget er ferdigstilt innan 1. september 2019, dette med tanke på at fylket skal legga nytt dekke på FV565 frå Årås til Toftegård dette året.
1. Den framlagte utbyggingsavtalen vert vedtatt slik han ligg føre, men med justerte beløp og tidsfristar.

Leiar for teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Det er ikkje høve til å ta dette på investeringsbudsjettet sidan kommunen ikkje skal eiga gang- og sykkelstien. Fylket skal overta denne.
Det skal ikkje betalast ut i 2019, men delast i to ratar i 2020 og 2021. Ein håpar at dette skal få i

gang utbygging i Søre Neset-feltet, der dette tiltaket ligg som eit rekkjefølgjekrav.
Ordførar Per Lerøy (Ap) peika på tidsfristen som er sett i formannskapet sitt vedtak, der arbeidet må gjerast innan 1. september 2019. Lerøy spurte vidare om utbyggar i feltet no kan komma i gang med nye bustader.
Asbjørn Toft, avdelingsleiar for plan-, bygg-, oppmåling- og miljø svara at dette vert ei dispensasjonssak som byggesaksavdelinga får på sitt bord.
Liv Ulvøy (Uavh) spurte om kva som skjer med utkjøringa frå bustadene på Søre neset. Når ein skal ut er det vanskeleg å sjå bilane som kjem frå sør, sidan dei er "nede i dumpa". Ulvøy presiserte elles at det heiter Kvalvågen og ikkje Toftegård på plassen.
Myrmel svara at avkjøringa skal trekkast lengre vekk frå dumpen slik at dette med siktsone skal bli betre.
Reidar Øksnes (Sp sa at dette med anleggsbidrag bør vera for private aktørar der kommunen har nytte av prosjektet, og sa at dette likna meir på ei forskottering av Statens vegvesen sine investeringar. Meiner ein bør sjå om det kan tilbakeførast midlar frå SV med tanke på dette.

Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at kommunen har hatt fleire møte med SV og fylket som skal eiga dette. Men fylket har ikkje pengar og det er blitt ein trend dette at kommunane er med og tek kostnaden. Om ein ikkje gjer det, vil utviklinga stoppa opp. Statens vegvesen og fylket kjem med rekkefølgjekrav som dei private må etterleva, og då må kommunane trå til med tilskot.
Jorund Stellberg (Uavh) sa at omgrepet anleggsbidrag er feil brukt her, det skulle då vore kommunen som bygde ut og utbyggar som skulle betala tilbake sin del av dette. Stellberg sa vidare at med fordelinga på driftsbudsjetta i 2020 og 2021 er det nokon som har fått ein type gullkort inn i driftsbudsjettet, og la til at kommunestyret no seier ja til noko utan å heilt vita kva ein seier nei til.
Myrmel svara at det i retningslinjene heiter at dersom bidraget er over 50 prosent så skal det offentlege ta utbygginga, eller det skal i alle fall lysast ut. Når det er under 50 prosent som her er det greitt å gje bidrag, og samd i at ein kunne ha brukt ei anna nemning.
Per Lerøy (Ap) sa at som Stellberg seier så må ein vera veldig forsiktig med denne typen bidrag, nettopp av den grunn at det går av driftsbudsjettet.

Politisk handsaming i kommunestyret:
Sams vedtak for formannskapet sitt vedtaksframlegg.

**KS - 013/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

1. I KS-032/16 gjorde kommunestyret vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Det løyvde beløpet frå 2016 er på 480.180 (utan mva), og kommunen dekkar også 50 prosent av tilleggskostnader til nye teikningar (50 prosent er 79.625 inklusiv mva).
   Beløpet vert betalt ut i to rater i 2020 og 2021.
   Vilkåret for utbetalinga er at anlegget er ferdigstilt innan 1. september 2019, dette med tanke på at fylket skal legga nytt dekke på FV565 frå Årås til Toftegård dette året.
1. Den framlagte utbyggingsavtalen vert vedtatt slik han ligg føre, men med justerte beløp og tidsfristar.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 014/19: Vurdering av eventuelt anleggsbidrag fortau langs kommunal veg Toftegård

### Rådmannen sitt framlegg:

1. Det vert ikkje gjeve anleggsbidrag til Odd Haugen Maskinstasjon AS for arbeidet med fortau langs vegen ytst i Kvalvågen. Grunngjevinga er at dei omsøkte tiltaka er tiltak som bør inngå i samla pris for utbygginga.
2. Det vert inngått utbyggingsavtale der kommunen vederlagsfritt overtek drifta og

vedlikehaldet for dei kommunaltekniske anlegga i samband med utbygginga. Utbyggingsavtalen er sett opp etter dei vedtatte retningslinjene og vert vedteken slik han vart framlagt.

Austrheim formannskap finn det rimeleg at Austrheim kommune overtek eigarskapet av fortauet som er opparbeidd langs den kommunale vegen i Kvalvågen, og betalar ut anleggsbidrag for dette i tråd med utbyggingsavtale nummer 1, kr 289.000,- + mva.

Vilkåra for utbetalinga vert knytt opp mot ferdigstilling og dokumentasjon av dei anlegga som kommunen skal overta ansvaret for langs den kommunale vegen. Dette betyr at dokumentasjon på all vassverkutbygging som utbyggjaren har gjort i Kvalvågen må dokumenterast på tilfredstillande måte før anleggsbidraget vert betalt ut.

Utbyggingsavtalen er sett opp etter dei vedtatte retningslinjene og vert vedteken slik han vart framlagt.

**21.03.2019 FORMANNSKAPET**

I denne saka var det synfaring, saman med Odd Haugen som har søkt om anleggsbidrag.

Den politiske handsaminga starta då formannskapet var attende på rådhuset.
Siri Kaland (Ap) la fram nytt framlegg til vedtak på vegner av Austrheim Arbeidarparti.
Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det vert sett som vilkår i vedtaket at ein skal avslutta og levera dokumentasjon på vassverksutbygginga som er gjort i Kvalvågen. Når dette er levert vil kommunen kunna krevja tilknytingsavgift og vassavgift frå 10-12 abonnentar som ikkje betalar i dag. Dei betalar ikkje på grunn av at dokumentasjonen på anlegget ikkje er levert og godkjent.
Anne Dahle Austrheim (KrF) la fram nytt framlegg til vedtak, basert på Austrheim Ap:
"Austrheim formannskap finn det rimeleg at Austrheim kommune overtek eigarskapet av fortauet som er opparbeidd langs den kommunale vegen i Kvalvågen, og betalar ut anleggsbidrag for dette i tråd med utbyggingsavtale nummer 1, kr 289.000,- + mva.

Vilkåra for utbetalinga vert knytt opp mot ferdigstilling og dokumentasjon av dei anlegga som kommunen skal overta ansvaret for langs den kommunale vegen. Dette betyr at dokumentasjon på all vassverkutbygging som utbyggjaren har gjort i Kvalvågen må dokumenterast på tilfredstillande måte før anleggsbidraget vert betalt ut.

Utbyggingsavtalen er sett opp etter dei vedtatte retningslinjene og vert vedteken slik han vart framlagt."
Handsaming:
Rådmannen sitt framlegg vart sett opp mot fellesframlegget frå formannskapet.
Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 029/19 - 21.03.2019 - Vedtak:**

Austrheim formannskap finn det rimeleg at Austrheim kommune overtek eigarskapet av fortauet som er opparbeidd langs den kommunale vegen i Kvalvågen, og betalar ut anleggsbidrag for dette i tråd med utbyggingsavtale nummer 1, kr 289.000,- + mva.

Vilkåra for utbetalinga vert knytt opp mot ferdigstilling og dokumentasjon av dei anlegga som kommunen skal overta ansvaret for langs den kommunale vegen. Dette betyr at dokumentasjon på

all vassverkutbygging som utbyggjaren har gjort i Kvalvågen må dokumenterast på tilfredstillande måte før anleggsbidraget vert betalt ut.

Utbyggingsavtalen er sett opp etter dei vedtatte retningslinjene og vert vedteken slik han vart framlagt.

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

Vedtaksframlegg frå formannskapet: foreslått av:

Austrheim formannskap finn det rimeleg at Austrheim kommune overtek eigarskapet av fortauet som er opparbeidd langs den kommunale vegen i Kvalvågen, og betalar ut anleggsbidrag for dette i tråd med utbyggingsavtale nummer 1, kr 289.000,- + mva.

Vilkåra for utbetalinga vert knytt opp mot ferdigstilling og dokumentasjon av dei anlegga som kommunen skal overta ansvaret for langs den kommunale vegen. Dette betyr at dokumentasjon på all vassverkutbygging som utbyggjaren har gjort i Kvalvågen må dokumenterast på tilfredstillande måte før anleggsbidraget vert betalt ut.

Utbyggingsavtalen er sett opp etter dei vedtatte retningslinjene og vert vedteken slik han vart framlagt.

Leiar for teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Før utbetaling av bidraget vert det sett krav om dokumentasjon på tilkoplingar av vatn slik at ein kan krevja tilknytingsavgift vatn og deretter årleg avgift. Dette går som ei investering, og kan betalast ut i 2019.

Per Lerøy (Ap) sa at dette vert eit fortau kommunen vil eiga sjølv.
Jorund Stellberg (Uavh) sa at ho støtta administrasjonen i at det ikkje skal gjevast bidrag. Meiner dette skulle vore vurdert meir opp mot den økonomiske situasjonen i kommunen, og etterlyser kvar pengane skal hentast frå.
Myrmel svara at det rett nok ikkje står kvar det skal takast frå, men at det er frå trafikksikringsmidlane 2019.
Politisk handsaming i kommunestyret:
Fleirtal for formannskapet sitt vedtaksframlegg. Mot tre røyster Liv Ulvøy – Uavh, Reidar Øksnes – Sp, Jorund Stellberg - Uavh.

**KS - 014/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

Austrheim formannskap finn det rimeleg at Austrheim kommune overtek eigarskapet av fortauet som er opparbeidd langs den kommunale vegen i Kvalvågen, og betalar ut anleggsbidrag for dette i tråd med utbyggingsavtale nummer 1, kr 289.000,- + mva.

Vilkåra for utbetalinga vert knytt opp mot ferdigstilling og dokumentasjon av dei anlegga som kommunen skal overta ansvaret for langs den kommunale vegen. Dette betyr at dokumentasjon på all vassverkutbygging som utbyggjaren har gjort i Kvalvågen må dokumenterast på tilfredstillande måte før anleggsbidraget vert betalt ut.

Utbyggingsavtalen er sett opp etter dei vedtatte retningslinjene og vert vedteken slik han vart framlagt.

---

## 015/19: Godkjenning av detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002

## Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002.** Plankartet er datert den 22.02.2019, føresegna den 21.02.2019 og planomtalen er datert den 31.01.2019. Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova si § 12-12.

**21.03.2019 FORMANNSKAPET**

I denne saka sa Siri Kaland (Ap) seg ugild. Formannskapet støtta hennar syn, og Hardy Pedersen (Ap) kom inn som vara.
Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, gjekk gjennom saka. Toft viste til at kommunen har vore nøydd til å ta motsegna frå Fylkesmannen til følgje, for å få denne planen gjennom. Motsegna frå Fylkesmannen gjeld særleg naust, der ein del framleis vert liggande i LNF-område, i staden for at areala vert omregulerte til naustområde. Kommunen er ikkje heilt nøgd med at ein måtte ta ut naustområde, men det måtte gjerast for å få planen godkjent.

Toft sa vidare at med denne planen vil ein kunna bygga på området som er sett av til skule og barnehage på Kaland utan dispensasjonar, dette har vore eit uregulert område til no. Her ligg elles ei rundkjøring i Leirvågkrysset inne som rekkefølgjekrav, for at ein skal kunna bygga noko på området for skule og barnehage.

Plankostnadene har vore på rundt 500.000 kroner for kommunen. Men det ligg også mogleglegheiter for inntekter, både for kommunen som kan selja bustadtomter, og for private grunneigarar som no har fått regulert sine område.
Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om støysona forbi skule/barnehage (innteikna i plankartet) var berekna etter 80 eller 60 kilometer/timen på fylkesveg 565, Toft svara at dette var berekna etter 60 km/t.
Toft la til at det også er gjort eit arbeid med tilrettelegging for VA, som gjer det mogleg å bygga 35-40 nye bustader innanfor planområdet, om ein utnyttar den utnyttingsgraden som det er lagt opp til.
Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det var bra at ein no får ei løysing på trafikksituasjonen rundt skule/barnehage, og at det er bra at det kjem nye tomter. Den største utfordringa er naust, der kommunen har redusert område til naust undervegs i arbeidet med reguleringsplanen.
Toft svara at sjølv om alle ikkje er nøgde, og har fått det dei ønskte, så har dei private grunneigarane oppnådd noko ved å få ein reguleringsplan, med mulegheiter for utbygging.
Rikke Heldal Hope (H) spurte om det er mogleg å få til ein undergang frå den innteikna nye parkeringsplassen ved barnehagen og tvers vegen (ny veg innteikna i plankartet). Hope sa at ein bør legga slik til rette at det ikkje oppstår farlege situasjonar.
Toft svara at det vil kosta millionar med undergang eller overgang, men at det er mogleg med andre tiltak, som fartshumpar, gjennomkjøring forbudt, eller innsnevring av vegen.
Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om kva som skjer ved ein klage, vil resten av planen vera godkjent? Toft svara at resten av planen vert gyldig, medan den delen det er klaga på ikkje vil gjelda så lenge prosessen går. Ei klage frå grunneigarane vil gå til formannskapet igjen, og så eventuelt vidare til settefylkesmann.
Jan Erik Espelid (V) spurte om Austrheim no vert handsama strengare med tanke på strandsone, Per Lerøy (Ap) sa at dette også var hans inntrykk etter møtet med Fylkesmannen om planen.
Per Lerøy (Ap) spurte om bussoperatøren har vore involvert i arbeidet med planen. Toft og leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel svara at Skyss har vore involvert, men ikkje Nettbuss som utfører arbeidet. Toft la til at det først er viktigast å sikra arealet (til parkeringsplass og busstopp), som utan tvil er stort nok til både parkering og til å snu bussar, og så må detaljreguleringa sikra at dette vert løyst på ein god måte.
Anne Dahle Austrheim (KrF) peika på at det ikkje er spesielt langt å gå frå det som er lagt opp til

parkeringsplass, og at ein til dømes i byområde ikkje reagerer på at elevar må gå siste stykket til skulen.
Per Lerøy (Ap) oppsummerte at grunneigarane som ikkje er nøgde eventuelt må klaga, så kjem saka tilbake til formannskapet, der politikarane kan gje si meining.
Politisk handsaming: Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - 024/19 - 21.03.2019 - Vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002.** Plankartet er datert den 22.02.2019, føresegna den 21.02.2019 og planomtalen er datert den 31.01.2019. Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova si § 12-12.

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

I denne saka var det to ugilde, Siri Kaland (Ap) og Morten Sognnes (H), begge på grunn av eigarskap til eigedommar innafor planen. Oddmund Vikene møtte som vara for Kaland, ingen møtte som vara for Sognnes.
Asbjørn Toft, avdelingsleiar for plan-, bygg-, oppmåling- og miljø, orienterte om arbeidet med planen. Gangbrua over fylkesveg 565 skal no vera ferdig levert seinast mars 2020, det er lovnaden frå Statens vegvesen. Ein godkjent plan opnar elles for utbygging av skule og barnehage, og for kring 40 nye bustadeiningar innanfor planområdet.
Det er ikkje alle som har fått det heilt slik dei ville i planen, men for å få den godkjent måtte kommunen i ein del tilfelle gjera som Fylkesmannen seier, for å unngå motsegner.
Kommunens kostnad med planen er i storleik 500-550.000 kroner, men berre verdien av tomter ein kan selja er mykje større enn dette. Kommunen har elles fått 1,55 millionar frå fylket, til fortau frå skulen til Fonnes Senter, 350 meter i alt. Planen er at dette skal vera på plass i løpet av året.
Politisk handsaming i kommunestyret:
Sams vedtak for formannskapets framlegg.

**KS - 015/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002.** Plankartet er datert den 22.02.2019, føresegna den 21.02.2019 og planomtalen er datert den 31.01.2019. Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova si § 12-12.

---

## 016/19: Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen tilrår kommunestyret å vedta dei framlagte takstane frå fylkestinget. Det absolutte fritaket for bompengar for nullsleppsbilar, var heile tida meint å ikkje vare evig.

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

**21.03.2019 FORMANNSKAPET**

I saksframlegget er konklusjonen lagt inn som vedtakstekst, med ordlyden "Rådmannen tilrår kommunestyret å vedta dei framlagte takstane frå fylkestinget. Det absolutte fritaket for bompengar for nullsleppsbilar, var heile tida meint å ikkje vare evig."
Det som er rett tekst for framlegg til vedtak, og som også kjem fram av saksutgreiinga, er:
"Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2."
Handsaming:
Samrøystes vedtak for korrigert vedtaksframlegg.

**FS - 022/19 - 21.03.2019 - Vedtak:**

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

Formannskapets vedtak foreslått av:

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det eigentleg finnest noko som kan kallast nullutsleppskøyretøy? Øksnes viste til at elbilar rett nok ikkje har utslepp av eksos, men for samla forureining såg han ingen forskjell mellom elbilar og fossilbilar som kjører på vegane mellom Knarvik og Austrheim. Også elbilar må ha nye delar, og dei slit på vegane som andre bilar.
Per Lerøy (Ap) sa at han kunne vera samd med argumenta frå Øksnes, men at det no er omgrepet nullutsleppskøyretøy som vert nytta. For Nordhordlandspakken kjem elles bomstasjonane opp i desember.
Politisk handsaming i kommunestyret:
Fleirtal for formannskapets framlegg til vedtak, mot ei røyst, Viggo Leirvåg (H).

**KS - 016/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

---

## 017/19: Kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid.2013001 - Godkjenning

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap godkjenner kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid 2013001, unnateke Øksnesmarka N18.

Øksnesmarka N18 vert teken ut av planen og det skal utarbeidast utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag for vurdering av bruken av området.

Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.

Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekne samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Austrheim kommune godkjenner kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid 2013001. Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekne samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

Vedtak i formannskapet 21. mars. foreslått av:

Austrheim formannskap godkjenner kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid 2013001, unnateke Øksnesmarka N18.

Øksnesmarka N18 vert teken ut av planen og det skal utarbeidast utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag for vurdering av bruken av området.

Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.

Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekne samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Rådmannens framlegg til vedtak foreslått av:

Austrheim kommune godkjenner kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid 2013001. Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekne samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Asbjørn Toft, avdelingsleiar for plan-, bygg-, oppmåling- og miljø, orienterte om arbeidet med kommuneplanen. Sjå vedlegg.
Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er stort press på friluftsområde, og viste til sentrale ønskje om å verna natur som våtmark, myrer og skog. Dette bør me etterstreva å følgja, sa Austrheim, og viste også til at samfunnsdelen seier at næringsutbygging skal skje i Mongstadområdet. Fylkesmannen vore tydeleg på at Øksnesmarka bør vernast, dette vil KrF støtta, det vil få store konsekvensar med næring her. Vil ha N18 ut av planen og konsekvensutgreiast før ein tek ei ny

vurdering av korleis dette området skal ligga i kommuneplanen. Sa også at Øksnesmarka kanskje har tatt mykje fokus frå andre ting i planen.
Jan Erik Espelid (V) sa at nokre må tala naturen si sak, og at ein må levera Øksnesmarka vidare til neste generasjon, med tanke på artsmangfald, og som rekreasjonsområde. Viste til at det har vore eit stort engasjement for vern av Øksnesmarka, både frå private og organisasjonar, medan berre nokre få har vore for å ha industri der.
Liv Ulvøy (Uavh) viste til at då det var tale om verkstad for boreplattformer på Vardetangen var ho mot dette og vann. Støttar KrF og Venstre, og sa at vinn me denne kan det verta like fint i Øksnesmarka som på Vardetangen. Meiner det er å gå baklengs inn i framtida å bygga ned eit urørt område som Øksnesmarka, det bør ein bevara og ta vare på for framtida.
Asbjørn Brandtun (Ap) sa at det er flott at det er så stort folkeleg engasjement i saka, men at denne saka kanskje tatt merksemd frå anna i kommuneplanen. Øksnesmarka har lagt som næring sidan 70-talet. Vil støtta det vidare, samstundes som ein ser at det er mange og ulike interesser i saka. Området er no redusert til 500 mål på land og 100 mål i sjø, og som Fylkesmannen ser eg dette som eit potensielt næringsområde til sjø, som kan opna for spennande arbeidsplassar.

Ei evt. utbygging kjem først etter at ein oppfyller krav om reguleringsplan. Kanskje vil den planen redusera området ytterlegare. Ei planlegging vil ta tid og vil kosta pengar, vil ikkje skje utan at der er bedrifter som er interessert. Kommunen og andre skal gje sin uttale til dette seinare.
Brandtun meiner vedtaket i formannskapet om at kommunen skal ta kostnaden vil føra til at området vert teke ut av planen. Sa at han hadde merka seg at dersom området skal vera interessant i framtida må det både lyngbrennast og beitast, og kanskje kan dei bedriftene som vil etablera seg også bidra til å utvikla Øksnesmarka som naturområde.
Reida Øksnes (Sp) etterlyste ein meir demokratisk prosess med kommuneplanen. Me vil gjera det beste for innbyggarane og har invitert dei til å komma med innspel, så ser me at andre endrar planen. Er det forbode det som Fylkesmannen vil ha vekk? Når ein skal sikra ålmenta tilgang til sjø, er det ikkje nettopp ålmenta som ønskjer seg båthamn og slik tilgang til sjøen? Viser til dei punkta der Fylkemannen har teke ting ut av planen, og etterlyser at Fylkesmannen tek ansvar for å sjå det beste for Austrheim og innbyggjarane her.
Når me i eit så viktig dokument vert handlingslamma på denne måten, er det då interessant å vera politikar i denne kommunen? Me ville stå utanom storkommunen nettopp fordi me meinte me kan driva den best sjølv med eit godt tilbod til innbyggjarane våre. Kvifor har ikkje me som politikarar vore meir merksame på dette. Vil det seia at me i ein del samanhengar har svikta innbyggarane, ved at me har hatt for stor merksemd på Øksnesmarka, og skulle ha kjempa andre saker gjennom mot Fylkesmannen. Har «sove i timen» på dei andre tinga me ikkje har kjempa hardt nok for å få med vidare.
Om Øksnesmarka sa Øksnes at det bør ligga som LNF som no. Viste til at det tidlegare er sagt at Teinelva skulle ligga som buffer mot næringsområdet, no er denne del av området. Viste også til at det var krav om detaljregulering for alt, men det gjort delingar i området på delegert vedtak, i strid med føresegner som ligg i gjeldande plan.
Er ikkje nøgd med prosessen, sidan det har vore tre ulike areal som har vore ute på høyring i dei tre høyringsrundane. Meiner det ikkje har vore godt nok grunngjeve frå administrasjonen når kartet er endra for Øksnesmarka. Er ei god og samfunnsnyttig ordning å ta Øksnesmarka ut av kommuneplanen, liknande det som var gjort på Vardetangen.
Morten Sognnes (H) sa at det er på tide å landa denne planen. Høgre er eit næringsparti, og med det programmet me gjekk til val på er det rett å seia ja til næringsområdet. Gruppa er splitta, men fleirtalet vil halda på planen. Meiner kommunen har andre ting å bruka på pengar på enn å laga konsekvensutgreiing.
Det interessante er moglegheiter for oppdrettsanlegg på land og dei arbeidsplassane det kan skapa, pluss at nokon kan gjera seg nytte av slam frå oppdrett. Er liknande planar på Vadheim i Høyanger og Brekke i Gulen. Når kommune og næringslivet må kutta må ein legga til rette for nye etableringar innan næringslivet. Sognnes viste til eit lesarinnlegg Naturvernforbundet har hatt på trykk i avisa Nordhordland, der han reagerer på språkbruken, og sa at det må vera mogleg å ha ei anna meining i ei sak enn naturvernarar, utan å bli stempla på grunn av det.
Per Lerøy (Ap) sa at næringslivet meiner at Øksnesmarka har unike moglegheiter for oppdrett på

land. Der kan ein handtera avfall frå oppdrett og bruka det til gjødning, og få bukt med lakselus ved å ta vatn frå minus 50 meter. Med oppdrett på land kan ein dessutan styra temperaturen og auka tilveksten på laksen. Regjeringa har ambisiøse mål om vekst i mat, som ikkje kan hentast i landbruksproduksjon, må auka marin produksjon, og er Øksnesmarka heilt ideell.
Skal setta strenge krav til næring, for korleis området skal byggast ut. Fylkesmannen har sett krav til konsekvensutgreiing og detaljregulering. Til slutt er det lokalpolitikarar som saman med ulike mynde skal styra ei slik utbygging.
Skal ta omsyn til natur og miljø, men skal samfunnet eksistera treng me arbeidsplassar, kortreiste arbeidsplassar. Naturressursane ligg i distrikta, og ein må jobba for å halda på dagens arbeidsplassar, og bygga nye. Om Fylkesmannsembetet si haldning meiner Lerøy at der er ulikskap mellom det som er avtala i møte med Fylkesmann Sponheim, og det som kjem i referata frå desse dialogmøta.
Kva vil folk at me skal leva av, når både olje/gass og oppdrettsnæringa er fy? Med auka straumpris ryk også smelteverka, og me kan øydelegga tre næringar.
Jorund Stellberg (Uavh) viste til at det er jobba lenge med kommuneplanens arealdel. Ein er «utsnakka om dette no», med to frontar mellom industri eller vern. Sa at å opna for industri er irreversibelt, og at industriområde i Øksnesmarka er heilt i utakt med den gryande folkemeininga om å ta vare på urørt natur. Stellberg oppfordra til at ein i ein kommune som Austrheim, med formannskapsmodellen som politisk styringsmodell, prøvde å dra med seg mindretalet og jobba for konsensus. Meinte det må vera mogleg å ta Øksnesmarka ut av planen som eit konsensusavgjerd, og gje dette den gjennomgangen som uansett skal gjerast før området kan nyttast til næring. Stellberg ba om gruppeleiarmøte for å finna konsensus i denne saka.
Liv Ulvøy (Uavh) spurte om korleis ein skulle løysa vegtilkomsten til Øksnesmarka, og sa om fiskeoppdrett at ho har meir tru på lukka anlegg i sjø enn landbasert anlegg i industriområdet i Øksnesmarka.
Reidar Øksnes (Sp) spurte kvifor det er brukt pengar på konsekvensutgreiing (KU) og konsulentar frå Multiconsult når ein seier at desse ikkje var noko verdt. Øksnes sa vidare at dersom kommunestyret ikkje vil følgja opp rapportane så skulle ein ikkje løyvd pengar i utgangspunktet. Etterlyste savar på kvar vegen skal gå inn i dette området gå, og sa at vegløysinga og areal til veg må vera del av saka.
Per Lerøy (Ap) sa at KU-en vart utarbeidd av Multiconsult på oppdrag frå administrasjonen, og at Fylkesmann Lars Sponheim etterlyste kor store areal i Øksnesmarka som trengst for å ta vare på akkurat det KU-en peikar på. Lerøy sa vidare at ein veg inn til næringsområdet må løysast gjennom ein reguleringsplan, og at dette skjer først når det kjem ein aktør som stiller midlar til plan og gjennomføring. Når dette skulle skje er det kommunestyret som saman med andre aktørar skal godkjenna ein slik reguleringsplan. Om landbasert fiskeoppdrett sa Lerøy at det ikkje er sikkert at det kjem eit slikt anlegg i Øksnesmarka, men det vert planlagt og bygt andre stader.
Kommunestyret tok pause for gruppeleiarmøte.
Jorund Stellberg (Uavh) tok ordet etter gruppeleiarmøtet og sa at ho beklaga at det ikkje vart søkt konsensus i denne saka.
Rikke Heldal Hope (H) sa at Høgre-gruppa er splitta i denne saka, og at ho ville halda seg til den avtalen som vart gjort etter valet i 2015, med nei til næringsområde i Øksnesmarka.
Reidar Øksnes (Sp) sa til rekkefølgja i avstemminga at det måtte mogleg å stemma for det er ein for, og mot det ein er mot.
Ordførar Lerøy sa at dei to framlegga til vedtak vert sette opp mot kvarandre. Dei som støttar formannskapet blir sitjande, dei som støttar rådmannen reiser seg.
Vedtak:
Rådmannens framlegg vedteke med 10 mot 7 røyster, altså med 59 prosent mot 41 prosent.
Fleirtalet var Ap sine 8 pluss to frå Høgre (Viggo Leirvåg og Morten Sognnes).

**KS - 017/19 - 11.04.2019 - Vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid 2013001. Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekne samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 11. april 2019.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 018/19: Stifting av BOF IKS - justering av selskapsavtale og stiftelsesdokument for Bergen og Omland IKS

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtar dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftelsesdokumentet som er omtalt i saka, nemleg at namnet på BOH IKS vert endra til «Bergen og Omland Farvanns-forvaltning IKS (BOF IKS),» og at selskapet får høve til å oppta lån på inntil MNOK 15

**21.03.2019 FORMANNSKAPET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om det som er nytt i denne saka. Bergen og Omland Farvanns-forvaltning IKS (BOF IKS) skal ta opp lån for å kjøpa ein båt, denne skal brukast i selskapet og elles leigast ut til Bergen Hamn.
Handsaming: Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

**<u>FS - 026/19 - 21.03.2019 - Vedtak:</u>**

Austrheim kommunestyre vedtar dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftelsesdokumentet som er omtalt i saka, nemleg at namnet på BOH IKS vert endra til «Bergen og Omland Farvanns-forvaltning IKS (BOF IKS),» og at selskapet får høve til å oppta lån på inntil MNOK 15.

**11.04.2019 KOMMUNESTYRET**

Liv Ulvøy (Uavh) viste til at det i saksutgreiinga var vist til at ordførar og varaordførar med namns nemning skal representera Austrheim kommune, og ba om at dette vart endra til verva utan namn.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa seg samd i det, men viste til at denne endringa ikkje påverkar vedtaket.
Politisk handsaming:
Sams vedtak.

**<u>KS - 018/19 - 11.04.2019 - Vedtak:</u>**

Austrheim kommunestyre vedtar dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftelsesdokumentet som er omtalt i saka, nemleg at namnet på BOH IKS vert endra til «Bergen og Omland Farvanns-forvaltning IKS (BOF IKS)», og at selskapet får høve til å oppta lån på inntil MNOK 15.

----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

# Skuleeigar

Austrheim kommunestyre
11.04.2019

# Opplæringslova

- Kapittel 13. Ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten
- § 13-1.*Plikt for kommunen til å sørgje for grunnskoleopplæring*
- Kommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring etter denne lova for alle som er busette i kommunen. Ansvaret gjeld ikkje elevar og andre som fylkeskommunen har ansvaret for etter §§ 13-2, 13-2 a og 13-3a.
- **Kommunen skal ha skolefagleg kompetanse i kommune-administrasjonen over skolenivået.**

# Austrheim -historisk oversyn

- Ca 1970 – 2004
  - Skulekontor, skulesjef, Undervisnings- og kultursjef.
- Ca. 2004. Konsulent i rådmannen sin stab
- Ca. 2011. Skule ein del av ansvarsområdet til assisterande rådmann
- 2013. Kommunalsjef i rådmannsgruppa
- 2016. Ansvarsområdet lagt til rektor Årås skule.
- 2019. Arbeid med administrativ organisering

# Kommunalsjef - vakant

| Rådmann | Ass. Rådmann | Rektor Årås | Prosjektkoordinator |
|---|---|---|---|
| Overordna skule | Barnevern | Vaksenopplæring | Barnehage |
| PPT | Overordna barnehage | Skulefagleg ansvarleg | Hjelpetiltak under 18 år |
| | | | |
| | | | |

**I sjukemeldingsperioden**

| Rådmann | Økonomisjef | OGH | Rektor Årås | Prosjekt-koordinator |
|---|---|---|---|---|
| Overordna skule ???? | Rådmann Årås skule | PPT | Vaksenopplæring | Barnehage |
| Overordna barnehage | | Barnevern | Skulefagleg ansvarleg | Hjelpetiltak under 18 år |
| | | | | |

**Uavklart overordna skule, system, avdekke brot på lov og forskrift m.m.**

# UDIR - presisering

- Kommunen skal besitte tilstrekkelig og relevant skolefaglig kompetanse til å kunne løse sine oppgaver etter opplæringslovgivningen på en forsvarlig og regelverkskonform måte. Hva som er tilstrekkelig kompetanse må vurderes konkret, bl.a. ut i fra kommunens organisasjon, størrelse og kompleksitet

- De skolefaglige kompetente personene i kommuneadministrasjonen skal ha innflytelse på de skolerelaterte beslutninger som tas i kommunen

# UDIR-rundskriv

- *Kravet til skulefagleg kompetanse er nært knytt til kravet til kommunen om eit forsvarleg system. Dette kravet inneber at kommunen skal ha eit forsvarleg system for mellom anna*
  - *å avdekke lovbrot*
  - *å setja i verk adekvate tiltak for å få avdekte lovbrot i samsvar med regelverket.*
  - *Eit forsvarleg system etter opplæringslova §13-10, kan vanskeleg realiserast og følgjast opp og vedlikehaldast utan riktig og tilstrekkeleg skulefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen.*
  - *Det er vidare klart at kompetanse ikkje i seg sjølv er noko tilstrekkeleg suksessfaktor, kompetansen må vere knytt til, og ha innverknad på dei avgjerdene som blir tekne.*

# § 13-10.*Ansvarsomfang*

- Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.
- Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.

# §13-10. Ansvarsomfang

- Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4.
- Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.
- Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane.

# Små kommunar – dersom ein rektor har funksjonen

- ***For at rektorfunksjonen og funksjonen som skolefagleg kompetanseperson etter dette skal kunne la seg kombinere for ein og same person, må funksjonane arbeidsrettsleg haldast frå kvarandre, typisk ved separate arbeidsforhold for kvar av funksjonane.***

# Grunnskulane i Austrheim 2019

**Kaland b.og u.skule**



**Årås skule**



Austrheim
- opne landskap, ope sinn

# Skulane har som mål å utvikle og vedlikehalde:

- Trivsel og eit godt læringsmiljø
- Tydeleg klasseleiing
- Eit sterkt læringstrykk
- Fokus på tidleg innsats
- Lett tilgjengelege læringsressursar
- Gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom hovudstega i utdanningsløpet.
- Eit godt samarbeid med foreldre og barn
- Eit godt samarbeid med våre samarbeidspartnarar .

# Nasjonale prøver

**Føremål**: gje skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk.

Prøvene vert gjennomførte om hausten, kort tid etter at elevane har starta på **5., 8. og 9. trinn.**

Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for **undervegsvurdering og kvalitetsutvikling** på alle nivå i skulesystemet.

Austrheim
- opne landskap, ope sinn

# Kva er grunnleggjande ferdigheiter?

- Å kunne uttrykkje seg munnleg
- Å kunne uttrykkje seg skriftleg
- Å kunne lese
- Å kunne rekne
- Å kunne bruke digitale verkty

# Engelsk 5.trinn




Austrheim kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

# Lesing 5.trinn




Austrheim kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

# Rekning 5.trinn




Austrheim kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

# Engelsk 8.trinn




Austrheim kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

# Lesing 8.trinn




Austrheim kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

# Rekning 8.trinn



# Tiltak

- Rettleiingstenesta i regi av UDIR.
- Forpliktande handlingsplanar for førebuing-gjennomføring, tolking av resultat.
- Formidling av resultat og oppfølging.
- Stort fokus på overgangar mellom bh-skule og mellom hovudsteg.

# Tiltak

- Møte på tvers av barnehage-skule.
- Kartlegging av sentral kompetanse ved kvar overgang.
- Kva kompetanse, strukturar og rutinar må sikrast ved kvar overgang?

# Kartleggingsprøver

Kartleggingsprøvene i lesing, rekning, engelsk og digitale ferdigheiter på 1.-4. trinn, er laga for å finne **elevar som treng ekstra oppfølging.**

Kartleggingsprøvene er dermed også **eit verktøy for å hindre at elevar fell frå seinare i opplæringsløpet.** Resultata frå prøvene gir berre informasjon om elevar som er rundt eller under ei definert bekymringsgrense.

# Tidleg innsats

**Reglar om intensiv opplæring i opplæringsloven § 1-4 og friskoleloven § 3-4b.**

- Dersom ein elev skårer under kritisk nivå på ein kartleggingsprøve, må eleven følgjast opp av skulen. Det er likevel viktig å understreke at resultatet frå kartleggingsprøver ikkje alltid vil vere egna til å fange opp om ein elev har behov for ekstra oppfølging.
- Skulen kan ikkje vente på resultat frå ei komande kartleggingsprøve før dei set i gang intensiv opplæring dersom dei ser at ein elev står i fare for å bli hengjande etter. Dette må sjåast i samanheng med den låge terskelen for å følgje opp elevar.
- Skulane må følgje dette opp kontinuerleg og systematisk.

# Fagfornyinga

- Ei fornying av generell del for å få ein betre samanheng mellom dei ulike styringsdokumenta i *Kunnskapsløftet.*
- Vidareutviklar grunnleggjande ferdigheiter.
- Korleis teknologisk og digital utvikling påverkar innhaldet i kvart enkelt fag.
- At læreplanar og kompetansemål har eit omfang som gir tilstrekkeleg tid til fordjuping, djupnelæring.
- Tydeleg progresjon
- Kjerneelementa i faga.
- God samanheng mellom fag.
- Nokre prioriterte tverrfaglege tema vert løfta fram.

# Fagfornyinga

**Fire prioriterte kompetanseområde som skal prege alle faga:**

- Fagspesifikk kompetanse.
- Kompetanse i å lære.
- Kompetanse i å kunne utforske og skape.
- Kompetanse i å kunne kommunisere, samhandle og delta.

**Verdigrunnlaget**

- Kompleks og ukjent samtid.
- Kristen og humanistisk arv og tradisjon, ulike religionar og livssyn.
- Utvikling av haldningar og kompetanse.
- Eleven sitt beste er grunnleggjande.
- Spenningar mellom ulike interesser og omsyn.

# Definisjonar av sentrale omgrep



# Grunnleggjande ferdigheiter



# Skoleeiers startside

## Nøkkelinformasjon

| Indikatorer | Snitt |
|---|---|
| Foreldrenes utdanningsnivå | - |
| Klasseledelse | 4,03 |
| Vurdering | 3,47 |
| Motivasjon og mestring | 3,81 |
| Nasjonale prøver, 5. trinn | - |
| Nasjonale prøver, 8. trinn | - |
| Nasjonale prøver, 9. trinn | - |
| Grunnskolepoengsum | - |
| Avvik standpunkt- og eksamenskarakterer | - |
| Andel som har fullført og bestått Vg1 | 0 |
| Karakterutvikling fra ungdomsskolen til vg1 | - |

## 1. Motivasjon

| Indikatorer | Snitt |
|---|---|
| 1.1 Motivasjon | 3,7 |
| 1.3 Mestring | 3,93 |
| 1.4 Faglig utfordring | 3,85 |

2. Trivsel

| Indikatorer | Snitt |
|---|---|
| 2.1 Trivsel | 4,18 |
| 2.2 Trygt miljø | 4,34 |
| 2.5 Mobbing blant elever | 4,62 |

3. Klasseledelse

| Indikatorer | Snitt |
|---|---|
| 3.1 Støtte fra lærerne | 4,32 |
| 3.2 Arbeidsro | 3,74 |

4. Kartlegging og vurdering

| Indikatorer | Snitt |
|---|---|
| 4.1 Vurdering for læring | 3,83 |
| 4.2 Egenvurdering | 3,11 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

| Snitt | Austrheim kommune - 10. trinn (18-19)_1 |
|---|---|
| 1. Motivasjon og mestring | |
| 1.1 Motivasjon | 3,16 |
| 1.2 Innsats | 3,31 |
| 1.3 Mestring | 3,68 |
| 1.4 Faglig utfordring | 3,74 |
| 1.5 Relevant opplæring | 3,49 |
| 2. Arbeidsmiljø | |
| 2.1 Trivsel | 3,68 |
| 2.2 Trygt miljø | 3,80 |
| 2.5 Mobbing blant elever | 4,64 |
| 2.6 Digital mobbing | 4,76 |
| 2.7 Mobbing fra voksne | 4,85 |
| T 10 - Fysisk læringsmiljø | 3,41 |
| 3. Klasseledelse | |
| 3.1 Støtte fra lærerne | 3,85 |
| 3.2 Arbeidsro | 3,12 |
| 3.3 Elevdemokrati og medvirkning | 2,90 |
| 3.4 Felles regler | 3,74 |
| 3.5 Læringskultur | 3,31 |
| 3.6 Praktisk opplæring | 2,76 |
| 3.7 Variert opplæring | 3,55 |
| 4. Vurdering | |
| 4.1 Vurdering for læring | 3,49 |
| 4.2 Egenvurdering | 2,62 |

| | |
|---|---|
| 4.3 Vurdering for læring (Skoleporten) | 3,17 |
| 5. Veiledning og rådgivning | |
| 5.1 Skolehelsetjenesten | 2,85 |
| 5.2 Rådgivning | 3,79 |
| 6. Støtte hjemmefra | |
| 6.1 Støtte hjemmefra | 3,63 |
| 7. Prioriterte tilleggsspørsmål - Udir | |
| T Arbeidsmiljø | 3,41 |
| T1 - Trivsel | - |
| T5 - Trygt miljø | - |
| T6 - Trygt miljø | - |
| T10 - Fysisk læringsmiljø | 3,41 |
| T Klasseledelse | 3,22 |
| T2 - Arbeidsforhold og læring | 2,93 |
| T3 - Medvirkning | 2,50 |
| T4 - Regler på skolen | 4,23 |
| T Veiledning og rådgiving | 3,89 |
| T7 (1) - Utdannings- og yrkesrådgiving | 3,89 |
| T8 (1) - Veiledning | - |
| | - |
| | - |

Austrheim - opne landskap, ope sinn

# Elevane sitt skulemiljø

**PALS:**
- Positiv åtferd
- Støttande læringsmiljø
- Samhandling

**Trivselsleiarar:**
- Involvering
- Ansvar
- Medråderett

**Tiltak:**
- Positiv involvering
- Effektive gode meldingar
- Ros, oppmuntring og positive konsekvensar
- Grensesetting og negative konsekvensar
- Problemløysing
- Tilsyn
- Regulering av kjensler
- Kartlegging og vurdering av åtferd i skulen

# Vurdering for læring

Vurdering for læring er all vurdering som blir gjeven undervegs i opplæringa og som bidreg til å fremje læring.

Det er særleg fire forskingsbaserte prinsipp som er sentrale i vurderingsprosessar som har til formål å fremje læring:

**Elevar sine føresetnader for å lære kan bli styrka dersom dei:**

- Forstår kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
- Får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Får råd om korleis dei kan forbetre seg.
- Er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling. Desse prinsippa er nedfelte i forskrift til opplæringslova som rettar for elever. Prinsippa kan bidra til at både lærarar og elevar får moglegheit til å påverke undervisninga ved hjelp av kommunikasjon og dialog

# Tilpassa opplæring/spesialundervisning

**Tilpassa opplæring § 1-3 Opplæringslova**

•Alle elevar har rett til tilpassa opplæring (§1-3).

•Det vil seie at opplæringa skal tilpassast eleven sine føresetnader.

•Det er i lova gitt at kommunen skal sørgje for at den tilpassa opplæringa i norsk, matematikk og engelsk skal innebera særleg høg lærartettleik på 1. – 4. steg. Dette skal særleg rettast mot elevar med låge ferdigheiter i lesing og rekning.

• Lærarar må ha god kjennskap til den enkelte eleven sine sterke sider, og kunne bruke varierte undervisningsstrategiar og metodar.

•Skulen sine rammer gjev ikkje stort rom for stor grad av tilpassing slik at elevane får moglegheit til å lære på eigne premissar. Ressursar er elles bundne opp i vedtak om spesialundervisning.

# Prosjektmandat spes.u.

- Svært store ressursar vert nytta til spesialundervisning i barnehagar og skular.
- Kommunen treng å analysere på avdelingsnivå- og kommunenivå kor mykje ressursar som konkret vert nytta, og kva ressursane konkret vert brukte til.
- Kommunen må få til eit systemarbeid mellom PPT,helsestasjon/skulehelsetenesta, barnehagar og skular for å nytte ressursane til spesialundervisning på best mogleg måte både fagleg og økonomisk.
- Kommunen treng å konkretisere innhaldet i tidleg innsats frå dei første åra i barnehagen og vidare i skule.

# Resultatmål

- Verktøy for analysar og evaluering av ressursbruken til spesialundervisning
- Lage plan for organisering av systemarbeid mellom PPT og barnehage og PPT og skule.
- Lage ein konkret plan for arbeidet med tidleg innsats frå helsestasjon til barnehage og skule.
- Avklare skilnaden mellom kva som er tilrettelagt undervisning og kva som er spesialundervisning.
- Lage forpliktande årshjul med milepålar for arbeidet med spesialundervisning.
- Etablere ressursteam og psykososiale team som er nedfelte i årshjul.
- Felles fristar for oppmelding av saker til PPT og ferdigstilling av sakkunnige vurderingar

# Effektmål

- At balansen i ressursbruk mellom spesialundervisning og tilrettelagt undervisning blir best mulig.
- At det systematisk blir gjennomført evaluering av dialog og beslutninger om tildeling av spesialundervisning
- Ein reduksjon av spesialundervisninga gjennom ei organisatorisk og pedagogisk differensiering av den ordinære undervisninga.
- At forpliktande årshjul med milepelar for arbeidet med spesialundervisning blir fulgt opp i praksis
- At PPT har moglegheit til å nytta sin kompetanse gjennom rettleiing og faglege drøftingar i avdelingane.
- At ressursane kan nyttast fleksibelt

Austrheim
- opne landskap, ope sinn

# Desentralisert kompetanseutvikling

- Kommunar har hovudansvaret for kvalitetsutvikling i skulen.
- Kommunar skal ha auka handlingsrom.
- Det statlege verkemiddelapparatet skal vere differensiert.
- Kompetanseutvikling skal vere forskings- og kunnskapsbasert.
- Skulane forskar i eigen praksis, *small data*, gjennom praksisfellesskap, kollegarettleiing.
- Skulane i Austrheim har vald **analysekompetanse** for å arbeide djuptgåande med klasseleiing, inkludering, motivasjon og oppfølging av resultat.
- Arbeide i nettverk.
- Fagleg støtte frå HVL

# Eksamenskarakterar

| Indikator og nøkkeltall | 2013-2014 | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | Hordaland 2017-2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Engelsk skriftlig eksamen | 3,7 | 3,4 | | 4,0 | 3,2 | 3,8 |
| Engelsk muntlig eksamen | | 4,4 | | 5,1 | 4,4 | 4,5 |
| Matematikk skriftlig eksamen | . | 2,5 | 3,7 | 3,8 | | 3,6 |
| Matematikk muntlig eksamen | . | | 4,2 | 4,2 | 4,4 | 4,2 |
| Naturfag muntlig eksamen | | 4,3 | 4,7 | | 4,8 | 4,4 |
| Norsk hovedmål skriftlig eksamen | . | | 3,2 | 3,5 | 2,8 | 3,5 |
| Norsk muntlig eksamen | . | 3,8 | 4,1 | 4,8 | 4,9 | 4,5 |
| Norsk sidemål skriftlig eksamen | . | | 3,8 | 3,3 | 3,4 | 3,4 |
| Religion, livssyn og etikk muntlig eksamen | . | | | | | 4,5 |
| Samfunnsfag muntlig eksamen | . | | 5,4 | 4,6 | 4,4 | 4,5 |
| | | | | | | |

# Grunnskulepoeng

| Indikator og nøkkeltall | 2013-2014 | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Grunnskole poeng, gjennomsnitt<br><br>Austrheim | 40,0 | 38,7 | 42,1 | 43,2 | 41,3 |
| Grunnskole poeng, gjennomsnitt<br><br>Hordaland | 40,9 | 41,4 | 41,6 | 41,8 | 42,3 |

# Realfagskommune

**Realfagskommunene skal:**

Utarbeide og gjennomføre ein lokal realfagsstrategi med politisk forankring

Leie og drifte lokale nettverk

Engasjere barnehagelærarar og lærarar i grunnskulen til å delta i nettverka.

**Tiltak:**

- Arbeid i nettverk lokalt i skule- barnehage og på tvers av skulane.
- Universitet og høgskular bidrar med kompetanse og fagleg rettleiing i dei lokale nettverka.
- Matematikksenteret og Naturfagsenteret bidrar med pedagogiske nettressursar som kan nyttast av realfagskommunane.
- UDIR arrangerer fag- og erfarings samlingar for kvar pulje kor lokal realfagsstrategi og nettverksarbeid, samt den nasjonale realfagsstrategien er hovudtema.

# Realfagsatsing

**Partnarskapsavtale med Equinor og Lektor 2**

- Årås skule har sidan tidleg på 2000-talet hatt ein Partnarskapsavtale med Statoil Mongstad. Avtalen vert fornya etter avtalt periode. Frå 2009 har innhaldet i avtalen vore Lektor2.
- **Lektor2** starta som eit realfagprosjekt initiert av Kunnskapsdepartementet og er no ein del av ungdomstrinnet sine årsplanar i matematikk og naturfag.

**Den naturlege skulesekken**

- Dette er ei nasjonal skulesatsing frå Utdanningsdirektoratet, som skal bidra til at barn og unge gjennom opplæringa får kunnskap og vert medvitne om berekraftig utvikling og miljøutfordringar på jorda.
- I 8. klasse er målet **å bli kjent med og lære å sette pris på naturen og ressursgrunnlaget i Austrheim.**
- I 9. klasse er målet å **undersøke utsleppskjelder og forbruksvanane hos innbyggjarane** i kommunen og korleis dei kan **påverke naturen.**
- I 10. klasse er målet å **reflektere over korleis utviklinga når det gjeld energikjelder og energibruk bør vere framover og kva rolle Austrheim bør ha i dette**. Dei har arrangert og deltatt i eit offentleg debattmøte saman med aktuelle eksterne deltakarar.

# Rammefaktorar

**Budsjett:**

- Dei økonomiske rammene som er sette for skulane i økonomiplanen, gjev svært vanskelege vilkår for utviklingsarbeid som ikkje er staleg finansiert. Rammene gjer at vi må ha som første prioritet å sjå til at vi driftar skulane innafor lovverket.
- Det er stort fokus på forbetring av resultat. Dette arbeidet er svært krevjande, når talet på timar ein kan nytte til å følgje opp enkeltelevar/grupper av elevar til strakstiltak, er så redusert som det er hausten 2019. Sjølv om skulane arbeider målretta med førebuing, gjennomføring og oppfølging av prøver og testar, så vil det mangla naudsynte tiltak for å gje elevane det faglege påfyllet og den treninga dei treng.
- I same periode skal *Fagfornyinga* implementerast. I læreplanverket ligg det sterke føringar for eit mykje sterkare fokus på digitalisering. Budsjettrammene skulane har, gir begrensa moglegheit til å følgje opp krava i Fagfornyinga i høve til læremiddel. Det vil gje lærarane og elevane trange arbeidsvilkår i perioden og det vil gå utover det kvalitetsarbeidet skulane ønskjer å sikra.

# Opplysningar om skulane

**Kaland b.og u.skule**

- 145 elevar
- 21 lærarar
- 7 assistentar
- 130 % adm.
- SFO: 26 elevar

**Årås skule**

- 241 elevar
- 26 lærarar
- 10 assistentar
- 180% adm.
- SFO: 69 elevar

# Elevtalsutvikling

| Oversyn over elevtal i klassar pr 22.10.2018 | | | |
|---|---|---|---|
| **Klassar** | **Årås skule** | **Kaland b.og u.skule** | **Samla i kommunen** |
| 1.Klasse | 27 | 17 | 44 |
